



Jobbnorge-ID: 86588

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Professor og førsteamanuensis i moderne kinesisk språk

Ved Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen, er det ledig ei fast 100 prosent stilling som professor i moderne kinesisk språk. Det kan i tillegg verte ledig ei fast 100 prosent stilling som førsteamanuensis i moderne kinesisk språk. Tiltreding for begge stillingane vert 01.06.2013 eller snarast mogleg etter denne datoen.

Institutt for framandspråk startar hausten 2013 eit bachelorprogram i kinesisk språk og kultur, basert på ein førebels studieplan. Dei som vert tilsett, får ansvaret for å byggje opp eit permanent tilbod i kinesisk på bachelornivå med hovudvekt på språk, men etter kvart òg på master- og ph.d.-nivå. Dei må òg vere villige til å utvikle og undervise innføringsemne i kinesisk historie, kultur og samfunn.

Institutt for framandspråk har litt over 50 vitenskapleg tilsette, 11 administrativt tilsette og om lag 30 ph.d.-stipendiatar. Instituttet femner om faga arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, russisk, tysk og spansk språk og latinamerikastudiar. Instituttet tilbyr i dag to innføringskurs i kinesisk språk ved hjelp av lærekrefter ved Bergen Konfutse Institutt.

Kvalifikasjonskrav

Søkjarar må kunne dokumentere forskingsinnsats og vitenskaplege publikasjonar innanfor moderne kinesisk språkvitenskap på høgt internasjonalt nivå, og ha klare planar for framtidig forskning. Når det gjeld vitenskaplege kvalifikasjonar, vert det i tråd med vanleg praksis stilt større krav til professor enn til førsteamanuensis.

Dei som vert tilsett, må busetje seg i Bergensområdet, og det vert gitt økonomisk støtte til flytting.

Det er eit krav at alle tilsette, utan omsyn til vitenskapleg spesialisering, syner ansvar for heilskapen i det faglege miljøet og gjer sitt til at undervisningstilbodet kan utviklast og haldast oppe. Det inneber òg å ta på seg administrative oppgåver.

Undervisningsspråka er norsk og kinesisk, medan administrasjonsspråket ved instituttet er norsk. Det er ein føresetnad at søkjarar som ikkje meistarar norsk eller eit anna skandinavisk språk, lærer seg norsk innan rimeleg tid.

For stillingane vert det kravd pedagogisk basisutdanning. Søkjarar som ikkje stettar dette kravet ved tilsetjing, får tilbod om slik opplæring og må dokumentere at ho er gjennomført innan eitt år etter tilsetjingsdato. Fristen er to år for den som ved tilsetjing ikkje allereie meistarar eit skandinavisk språk.

Innanfor normal arbeidsplikt og fagleg kompetanse kan den som vert tilsett verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Søkjarar må dokumentere sine pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved å sende inn:

- dokumentasjon for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversikt over undervisningsomfang og -nivå
- oversikt over master- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og eige undervisningsmaterieill
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning som til dømes alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø.

Løn

Løn etter lønnssteg 68-78 (kode 1013), for tida frå kr. 572.400 for professor.

Løn etter lønnssteg 57 (kode 1011/LR24), for tida kr. 468.100 for førsteamanuensis. Vidare opprykk skjer etter tenestearnsnittet i stillinga. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Eit pensjonsinnskott på 2 % vert trekt frå og betalt til Statens pensjonskasse.

Andre opplysningar

For utfyllande opplysningar om stillinga, kan ein kontakte førstelektor Benedicte Irgens (fagkoordinator for japansk og kinesisk) tlf. 55 58 88 43, e-post benedicte.irgens@if.uib.no, eller professor Leiv Egil Breivik (instituttleiari) tlf. 55 58 23 63, e-post leiv.breivik@if.uib.no.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoteing i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillingane.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir følgd, skal søkjaren varslast om dette.

Slik søker du stillingane

Søknad saman med CV og liste over publikasjonar, skal sendast elektronisk via «SØK STILLINGEN».

Dette må følgja den elektroniske søknaden:

1. søknadsbrev
2. samandrag av doktoravhandling, inntil 3 sider
3. skanna versjon av originale eller stadfesta kopiar av alle vitnemål frå universitet/høgskule
4. liste over representative vitskaplege arbeid
5. namn og kontaktinformasjon for tre referansepersonar
6. dokumentasjon av og informasjon om pedagogisk innsats og kvalifikasjonar

Vedlegga kan vere i word- eller pdf-format.

Dessutan må følgjande sendast til Institutt for framandspråk, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, N-5020 Bergen:

1. fullstendig publikasjonsliste (3 kopiar)
2. 3 sett med opp til 5 vitskaplege arbeid (inkludert doktoravhandling)

Akademiske publikasjonar som ikkje er sende inn som del av søknaden, vert ikkje vurderte.

Søkjarar må opplyse om dei arbeida eller delar av arbeida som det skal leggjast særleg vekt på ved vurderinga. I tillegg kan inntil 5 arbeid av populærvitskapleg og/eller praktisk art, t.d. undervisningsmateriale, leggjast ved søknaden.

Hovudkriteriet for vurderinga vil vere kvaliteten på det innsendte forskingsmaterialet, dernest vil undervisning, populærpublikasjonar, administrativt arbeid o.a. verte vurdert.

Søkjarar må presisere om dei søker stillinga som professor eller stillinga som førsteamanuensis. Dei som vert innstilte til stillingane, blir kalla inn til intervju og prøveforelesing.

Søknadsfrist: 14.12.2012

Søknaden skal merkast: 12/9626

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: